

Superhelgas kjøyrereglar

2024 – Åfarnes

For at alle skal få ein triveleg helg ber vi deg om å bruke sunn fornuft, ta vare på alle rundt deg, oppføre deg fint og følgje arrangementets kjøyrereglar.

Reglane gjelder alle 4H-arar, 4H-alumnar, leiarar og andre som oppheld seg på arrangementområdet eller deltak på arrangementet i løpet av helga.

1. Gjer deg kjent med programmet og følg det.
2. Møt presis til måltider og kursbolkar.
3. Ta omsyn og respekter kvarandre
4. Ikkje gå forbi sperrebånd, dette er områder vi ikkje skal ha tilgang til.
5. Idrettshall er kun tilgjengeleg i oppsette tider. Bruk innesko i idrettshall.
6. Det er ikkje tillatt å forlate arrangementområdet utan godkjent grunngjeving. Dette skal avklarast med leiar og beredskapsansvarleg.
7. Innetid etter kl 22.00.
8. Ikkje inviter uvedkommande inn i arrangementområdet.
9. Gi melding til leiaren din om du blir sjuk eller skada.
10. Hold orden i arrangementområdet og bruk søppelbøtter med søppelsortering.
11. Etter rosigalet skal det vere ro i skulebygninga.
12. Superhelga ønsker å vere eit røykfritt arrangement. Er du over 18 år og må røyke, skjer dette kunn på tilvist område.
13. Energidrikkar (for eks. Red Bull, Burn, Monster o.l) er ikkje lov å ha med seg eller drikke.
14. Alkohol og rus er forbode, og fører til umiddelbar heimsending for eigen rekning.
15. All bruk av open flamme forbode inne på og nært inntil skulen/grendahuset.
16. La brannsløkkingsutstyr og anna utstyr vere i fred om det ikkje skal nyttast.
17. Seksuelt krenkande åtferd blir ikkje tolerert. Dette kan vere uønskt fysisk kontakt, sårande eller "grisete" kommentarar, bilder eller liknande. Respekter andre sine grenser.

Grove brott på arrangementsreglane medfører heimsending for eiga rekning. Bestemminga om heimsending tas av arrangørkomiteen i samband med beredskapsleiar.

Har du tilbakemelding, vennlegast gje arrangør eller leiaren din beskjed.

Opplever alvorlege brot på reglane? Sei frå til ein av desse:

- Vaksenleiaren din
- Beredskapsleiar for arrangementet, Hans Ole Hatle (tlf. 90091118)
- *SI FRA*-knappen på 4h.no (scan QR-koden under)

